

Navar Takst og Eiendom AS
Bustølvegen 40
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17085 - 21/1412

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
08.01.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 11/14 Hølleland

Tiltak: Bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 11/14
Tiltakshavar: Anne Lise Hodheland Cooper
Ansvarleg søkjar: Navar Takst og Eiendom AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.10.2020. Vi beklagar sein tilbakemelding på søknaden grunna redusert kapasitet på avdelinga.

Mottakskontroll

Kommunen er positiv til det omsøkte tiltaket , men har etter gjennomgang av søknaden følgjende merknadar:

Vurdering av ras- og skredfare


Det er søkt om dispensasjon frå kravet om ras- og skredvurdering og lagt ved ei utgreiing av ras- og skredfare som er gjennomført av ansvarleg søkjar.

Tiltaket ligg innanfor omsynssone H310 som gjeld ras- og skredfare. Av føresegn 4.1.3 går det fram av kommunen ikkje kan godkjenna tiltaket før det er gjennomført ei geologisk vurdering av risiko og tilstrekkeleg tryggleik mot ras er gjennomført eller dokumentert. Det omsøkte tiltaket kjem samla sett heller ikkje inn under mindre tiltak som kan gjennomførast på eigedomen utan krav om ytterlegare vurdering av persontryggleik i TEK17, kap 7.

Kommunen vil ikkje gje dispensasjon frå forhold som gjeld fare og vil ved behandling av saka avslå denne. Ras- og skredvurdering må liggja føre før kommunen kan gje byggeløyve.

Byggjegrænse mot vassdrag og aktsomhetsområde for flom

Eigedomen ligg innanfor aktsomhetsområde for flom. Av innsend dokumentasjon ser vi at bekk er lagt i rør i samband med tidlegare gjennomført tiltak på eigedomen.



Aktsomhetskart flåum

Av føresegn 2.6.1 i kommunedelplanen for Lindås går det fram av byggegrensa mot vassdrag er 20 meter frå vassdrag/elv/bekk som er mindre enn 20 km². Det må derfor søkjast om dispensasjon frå dette forholdet. (Dette kom diverre ikkje med ved gjennomført førehandskonferanse) Vi vurderer at det ikkje er nødvendig å nabovarsla på nytt.

Saman med dispensasjonen må det liggja føre ei utgreiing av flåum- og erosjonsfare. Vi viser elles til krav i teknisk forskrift kap 7 som gjeld tryggleik mot naturfare.

Gjenpart av nabovarsel

Vi kan ikkje sjå at gjenpart av nabovarsel er lagt ved og ber om at dette vert sendt inn slik at det vert dokumentert kva som er varsla.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.03.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningsslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anne Lise Hodneland Cooper
Ian Cooper

Gamle Kalvedalsveien 42 5019 BERGEN
Gamle Kalvedalsveien 42 5019 BERGEN

Mottakarar:

Navar Takst og Eiendom AS

Bustølvegen 40 5919 FREKHAUG